

# Foreldreinfo april 2022



Det siste møtet i SU/SMU for skuleåret vart gjennomført 21.april. De finn referatet [her](#).

FAU vil og minna om årsmøtet den 03.mai – håper me snakkast der!

## Turar

Vikeså skule har fleire turar fast på programmet kvart år. I tråd med friluftsatsinga vår ønsker me å bygga på og vidareutvikla tilbodet me allerede har.

I april har 10.trinn gått den faste skituren til turisthyttene på Sandvatn, og dei andre trinna hatt påsketurar i nærområdet med tilhøyrande aktivitetar.

På 1.-4.trinn sin påsketur dukka det opp både påskehare og påskekylling. Dette laga god stemning blant store og små.



Mykje kjekt som har skjedd på skulen i april og. Har du hørt om 3. og 5.klassingane som vart lurte 1.april? Dei fekk i oppdrag å dekorera og skriva ord med den nye bokstaven «mø» som språkrådet hadde bestemt skulle innførast fom. 15.mai. Kjekt å finna på nokre sprell!

Minner om fridagar i mai, håper mange vil stilla i 17.mai tog!

Mvh Svanhild Gjedrem - rektor

## Ungt Entreprenørskap

Elevbedifta i valfaget Produksjon av varer og tenester har delteke i fylkesmesterskapet på Sandnes. Her presenterte dei kunsten dei har laga til Skjeraberget folkehelsehus på oppdrag frå kommunen.

Elevar frå 5. og 6.trinn deltok og på Eigersundskonferansen der dei presenterte ideane sine knytt til SMART-veke me hadde på skulen tidlegare. Vinnarane av konkurransen fek snakka med politikarar og næringsliv, og forklarte og svarte på spørsmål tilskodarane hadde på ein eksemplarisk måte. På bilete er dei i diskusjon med moglehetsutviklaren og ordføraren i Eigersund.

**UNG  
ENTRE  
PRENØR  
SKAP**



Jeg har treer i norsk.

Sekser i å juble over at jeg ikke fikk en toer.

Jeg har treer i tysk.

Sekser i å satse på at det sikkert blir bedre neste gang.

Jeg har treer i matte.

Sekser i å trøste Jenny fordi hun fikk en firer.

Jeg har treer i engelsk.

Sekser i å lengte etter å skryte av den treeren til mamma og pappa.

Jeg har treer i kunst og håndverk.

Sekser i å feire det med cola i sola.

Jeg har treer i samfunnsfag.

Sekser i å være lykkelig fordi det er vår og jeg kanskje kan bli forelska snart.

Jeg har treer i spansk.

Sekser i å være ungdom og ikke være utbrent.

Er ikke det et helt greit snitt å starte sommeren med, da?

Teksten er fra boka «Til ungdommen» skrevet av Linn Skåber



Tusen takk til Oddbjørn, Ingrid og Ina som representerte skulen på ein flott måte i Klassequiz'en på NRK 1.påskedag. Det heldt ikkje til landsfinalen, men heder og ære for eit godt forsøk!

